



ÅRSMELDING HJELMÅS MANNSKOR 2017.

Hjelmås Mannskor kan sjå tilbake på nok eit aktivt songår. Medlemstalet har halde seg om lag på det same, ved utgangen av 2017 hadde koret 27 medlemmer, talet i 2016 var 31 medlemmer. Nokre har slutta dette året, men det har også kome nye til. Koret ønskjer fleire nye songarar velkomne om dei vil vera med oss. Åse Hagesæter har vore trufast dirigent for koret, noko me er svært glade for.

Aktivitetar i 2017:

Koret har hatt framføring på desse arrangementa:

15.januar	Framføring Hordaland Korforbund sin nyttårskonsert i Åsane kyrkje.
19.mars	Framføring Osterfjorden Mållag
22.april	Framføring 50 årsfest Inger Helen Midtgård i Storstova
23.april	Framføring på konsert i Knarvik kyrkje
10.juni	Framføring ved opningsfest for Storstova.
2.september	Framføring i Grieghallen, «Med song for ei betre verd»
3.desember	Framføring på adventskonsert Hjelmås.
9.desember	Framføring på julekonsert Ostereidet kyrkje.
10.desember	Framføring på julekonsert Arna kyrkje

I tillegg har me hatt tre kveldar i mars/april med grunnleggjande notekurs med Bjørn Olav Hagesæter. Stor takk til han for eit godt og nyttig kurs.

Desse kveldane hadde me også kurs i stemmebruk med Olav Veierød frå Bergen. Dette var eit nyttig kurs som gjerne kan takast opp att.

Hausten 2017 starta me så på eit samarbeid med songkoret Albatross på Fammestad. Prosjektet «Frå Broadway til Folk ved fjorden» vert ei markering av jubileum for kinoen på Fammestad og koret Albatross. Øvingane hausten 2017 og våren 2018 har vorte brukt til førebuing før framføringane 6. og 7. april 2018. Å samarbeida med eit anna kor har me opplevd som svært kjekt.

Koret hadde avslutning til jul på Hagellia matstove saman med Albatross. Då fekk også Olav Borlaug utdelt 40-årsmedalje frå Norges Korforbund. På denne avslutninga hadde me med oss Erling Mostrau, Asbjørn Leiknes og Håkon Sandvik som har vore med i koret. Dei fekk ei blomehelsing, slik Kristen Sortland også fekk. Han slutta i koret til jul 2017.

På tampen ei utfordring: Prosjektet «Berre ein mann» i 2016 var eit løft for koret når det galdt innsats og arbeid, men like mykje eit kvalitetsløft som også skaffa inntekt. Me har kanskje lett for å hengja oss på andre sine tiltak og konsertar. Kva vil me med Hjelmås mannskor – skal me satsa meir på eigne prosjekt – eller skal me ta mot dei tilboda som måtte dukka opp? Kursen me vel har også konsekvensar for økonomien i koret. Sett på spissen – skal me berga økonomien med lotteri og kalendarar eller med konsertar?

Til slutt ein takk til alle som er med å gjera Hjelmås mannskor til ein triveleg fritidsaktivitet – ingen nemnde – ingen gløymde.

Hjelmås februar 2018 Reidar Konglevoll – leiar -